

21 SEPT. 1988



FISKERIRETTLEIAREN  
I Bremanger og Flora

**ÅRSMELDING**

**1987**

**BREMANGER OG FLORA KOMMUNER**

- Side 2 - Personalet
- " 3 - Fiskerinemndene si verksemd
- " 4 - Fiskarmantalet i Bremanger
- " 5 - Fiskarmantalet i Flora
- " 6 - Fiskeflåten
- " 7 - Konsesjoner i Fiskeflåten
- " 7 - Fiskeindustrien
- " 8 - Fiskeoppdrett
- " 9 - Fisket i 1987

Vedlegg: Matfisk- og settefiskkonsesjoner i Bremanger og Flora.

**FISKERIRETTELEIAREN  
I BREMANGER OG FLORA**

**ÅRSMELDING  
1987**

Fiskerirettleiaren har primert Bremanger og Flora Kommuner som tenestekommuner, men etter at Flora kommune vart pålagt felles fiskerinemnd med Naustdal og Førde har også fiskerirettleiaren fått utvida tenesteområde. Bremanger er kontorkommunen, men fiskerirettleiaren har fast kontordag i Flora kvar onsdag.

Kontoret i Bremanger er plassert i Sparebanken Flora-Bremanger sitt bygg på Hauge. I Flora har kontoret plass i Vestlandsbanken sitt bygg.

**Personalet**

Ved fiskerikontoret er det berre ein tilsett:

- Fiskerirettleiar Jon Frøyen .

**FISKERINEMNDA I BREMANGER.**

I møte i kommunestyret i Bremanger den 19. januar 1984 vart det foreteke fylgjande val til fiskerinemnd for perioden 1984-87:

Knut Førde, Bremanger - formann  
Varamann John Bratseth, Bremanger.

Oskar Moe, Bremanger.  
Varamann Pål Inge Igland, Bremanger.

Erling Førde, Bremanger.  
Varamann Ståle Gulestøl, Kalvåg.

Peder Bakke, Bremanger.  
Varamann Kjellaug Igland, Bremanger.

Audun Strømmen, Rugsund.  
Varamann Sverre Leirgulen, Leirgulen.

**FISKERINEMDA I FLORA.**

Fiskeridirektoratet har bestemt at det skalo vere felles fiskerinemnd for kommunane Flora, Førde og Naustdal. Nemnda har 7 medlemmer, som er fordelt med 1 frå Førde, 1 frå Naustdal og 5 frå Flora.

For perioden 1984 - 1987 er fylgjande valde:

Johan O. Nækkey, Nækkey, Flora - leiar.  
Varamedl. Svanhild Hamre.

Erling Grytten, Stavang.  
Varamedl. Odd Reksten.

Liv Espeseth, Tansøy.  
Varamedl. Audhild Lekva.

Hjørdis Ulriksen, Batalden.  
Varamedl. Rune Nilsen.

Leif Langø, Rognaldsvåg.  
Varamedl. Steinar Nekkøy.

Torfinn Engebø, Svortevik. - fra Naustdal kommune.  
Varamedl. Harald Skjærli.

Kjell Solvik, Ervik. - fra Førde kommune.  
Varamedl. Sverre Mulen.

#### FISKERINEMDENE SI VERKSEMD.

##### BREMANGER:

Fiskerinemnda i Bremanger hadde i meldingsåret 4 møter og handsama 20 saker. I 1986 handsama nemnda ialt 24 saker og og i 1985 54 saker. Redusert saksmengde for nemnda har årsak i manglande interesse for lån til utskifting og fornying av fåten. I 1987 var det ingen i Bremanger som søkte Statens Fiskarbank om fartyllån til nybygg.

Av saksmengda fell mesteparten på havbruksnæringa. Enkle og kurante saker vert handsama administrativt og referert for nemnda. I tvilstilfelle vert det konferert med formannen og den enkelte medlem.

##### FLORA.

Fiskerinemnda i Flora hadde 4 møter og handsama 20 saker. Ein del rutinesaker og andre saker som vart handsama administrativt vart referert for nemnda. I 1986 hadde nemnda 38 saker til vurdering. Redusert saksmangde i høve til året før har bakgrunn i mindre investeringsaktivitet i flåten.

For oppdrettsnæringa hadde nemnda 11 saker til vurdering. Dei fleste var konsesjons-søknader om oppdrett av torsk.

Til Statens Fiskarbank var det søknad om lån til 2 nybygg på 45 fot. Dette er kystfiskebåter som idag kostar omlag 3 mill. kroner. Begge lån vart innvilga, men truleg vert berre dei eine fartøyprosjektet realisert.

## FISKARMANNTALET.

Sysselsette i fiske fordelt på eineyrke (blad B), biyrke (+lad A) og aldersfordeling pr. 31.12.1986 og 31.12.1987.

### Forklaring til tabellene

Aldersgrupper:

< 20	betyr f.o.m.	15	år - t.o.m.	19	år
< 30	"	20	"	29	"
< 40	"	30	"	39	"
< 50	"	40	"	49	"
< 60	"	50	"	59	"
< 67	"	60	"	66	"
< 70	"	67	"	69	"
>>>	"	70	" og eldre		

### BREMANGER 1986

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	1	5	9	16	24	13	28	96
Blad B	8	58	49	23	43	20	4		205
Totalt 1986									301

### BREMANGER 1987:

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	1	1	11	14	22	19	32	100
Blad B	5	57	39	27	43	22	1	.	194
Totalt 1987									294

1987 blad A: 100 (+ 4)

1987 blad B: 194 (- 7)

Som tabellen viser er talet på personer i Bremanger som har fiske som eineyrke 194. Det er 7 mindre en året før. talet aukar på blad A p.g.a. at eldre fiskarar går over til blad A når pensjonisttida starter. I 1987 vart 11 personer teknne opp på blad B, mot 19 i 1986.

Utfrå dette vil ein forstå at det i Bremanger er dårleg rekruttering til fiskaryrket.

## FISKARMANNTALET - FLORA KOMMUNE.

Sysselsette i fiske fordelt på eineyrke (blad B), biyrke (blad A) og aldersfordeling pr. 31.12.1986 og 31.12.1987.

Forklaring til tabellane på side 4.

### **FLORA KOMMUNE 1986:**

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	.	3	2	5	15	9	8	42
Blad B	9	36	33	23	18	17	1	2	139
Totalt 1986									181

### **FLORA 1987:**

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	.	4	1	4	15	8	10	42
Blad B	10	39	30	26	17	17	1		140
Totalt 1987									182

1987 blad A: 42

1987 blad B: 140 (+ 1 )

Tabellen viser at talet på personer som har fiske som eineyrke (blad B) er omlag det same som året før. Det same er talet på biyrkesfiskarar. Dei fleste på blad A er personar over 60 år som tidlegare hadde fiske som hovednæring.

I meldingsåret vart 16 personar tekne opp i mantalet, fordelt med 15 stk. på blad B og 1 på blad A. Dette er same talet som i 1986.

## FISKEFLÄTEN.

Merkeregisterdata 1987.  
BREMANGER KOMMUNE.

Ant. fartøyer.			
Status pr. 31.12.87	Avgang	Tilgang	
0,0 - 4,9 M.	16		
5,0 - 9,9 M.	313		
10,0 - 14,9 M.	15	3	1
15,0 - 19,9 M.	1		
20,0 - 29,9 M.		2	0
Over 30 M.	5	1	0
<b>Totalt:</b>	<b>350</b>		

Fiskeflåten i Bremanger tel 5 fartøy over 30 m. Fartygruppa mellom 20 og 30 m. var svært stor før, men er no heilt ute. Dei to siste, "Frøyabuen" og "Verning" vart kondemnert i meldigsåret. Det sama vart ringnotfartøyet "Vitan". Ringnotflåten er konsesjonsbelagt på ein slik måte at kondemnerte ringnotfartøy ikkje kan erstattast.

Merkeregisterdata 1987  
FLORA KOMMUNE:

Ant. fartøyer			
Status pr. 31.12.87	Avgang	Tilgang	
0,0 - 4,9 m.	23		
5,0 - 9,9 m.	234		
10,0-14,9 m.	15		
15,0-19,9 m.	7	1	
20,0-29,9 m.	1		
Over 30 m.	1		
<b>Totalt:</b>	<b>281</b>		

I Flora er det 257 registrerte fiskefartøy under 10 m. Dette er for det meste einmannsbåter som periodevis driv kyst- og fjordfiske. Mellom 10 og 20m. er det 22 fartøy. Dei fleste av desse er storsjarker, dvs. med eit mannskap frå 2 til 4 mann som driftar med garn på kysten av Sogn og Fjordane, Møre og i Lofoten. Nokre av denne gruppa er kystnotbåter som driv etter sei, makrell, sild og brisling, enkelte også med torskegarn om vinteren.

### KONSESJONSBILDET FOR KOMMUNANE.

Talet på farty som har konsesjon / løyve for eit bestemt fiske:

	Trål	Ringnot	Brisling	Drivgarn laks
Bremanger	0	1	1	15
Flora	0	2	5	0

Talet på konsesjoner er det same som året før. Flora, som har 2 ringnotkonsesjoner er berre den eine i drift. Arbeidet med å få kjøpt nytt farty til erstatning for m/s "Fiskebas" held fram, og til neste år reknar ein med at det igjen er 2 ringnotfartøy i Flora.

Det er bestemt at 1988 skal vere siste året for drivgarnsfiske etter laks. I Bremanger er det 15 konsesjoner for dette fisket. Dersom desse konsesjonane vert inndregne vil mange kystfiskarar i Bremanger få betydeleg redusert inntekt.

### FISKEINDUSTRIEN:

	Fryseri m/foredl.	Mottakstasjon og pakking	Hermetikk- fabrikk
Bremanger	2	3	0
Flora	1	2	1

Fiskeindustrien hadde stabile arbeidstilhøve i 1987. Råstofftilgangen var totalt sett, noko større enn året før, og det er nordsjøsilda, makrellen og oppdrettsfisken som sler positivt ut. Sysselsettinga i foredringsleddet har ikkje endra seg særleg siste året. Det går mot nedlegging av sardinproduksjonen ved

Norway Foods-fabrikken i Flørø. Fabrikken har no vel 50 tilsette, dei aller fleste kvinner. Fabrikken er den einaste i landet som lagar sardiner etter råpakk-metoden. Bakgrunnen for at Norway Food no etter alt å dømme legg ned produksjonen i Flørø, er svikten i tilgangen på høveleg råstoff.

Bremanger fryseri i Bremanger står framfor ei ny og omfattande utbygging. Fiskeindustrianlegget skal byggjast ut for å verta eit meir rasjonelt anlegg, med sild og makrell som hovedproduksjon, og med ein vesentleg auke i mottakskapasiteten.

Skaarfish er i gang med å bygge nytt anlegg til ein kostnad på omlag 35 mill. kroner. Det nye fiskeindustrianlegget som er lokalisiert til Gunhildvågen i Flora skal byggjast for produksjon oppdrettsfisk, sild og makrell. Dersom alt går etter planen skal det nye anlegget stå klart for mottak og produksjon i juli 1988.

Råstofftilgangen frå kystfiskarane til dei mindre fiskemottaka er på vei nedover. Feilslege kystfiske er årsak til nedgangen.

### FISKEOPPDRETT:

For å drive med fiskeoppdrett må ein ha løyve/konsesjon. I Bremanger er det 7 konsesjoner for oppdrett av matfisk av laks og aure i sjøen. I Flora kommune er det 5. Dei fleste har konsesjon for 8000 m<sup>3</sup> merevolum. Det vart i 1987 ikkje utdelt nye matfisk-konsesjoner.

Vidare er det i Bremanger 11 anlegg som har konsesjon for ein årleg produksjon av tilsaman 2.290.000 stk. sjødyktig settefisk av laks og aure. I Flora er det 7 anlegg med konsesjon for ein årleg produksjon av 1.750.000 stk. settefisk.

Oppdrettsnæringa er i sterkt utvikling og vekst i begge kommunane, men Flora aukar mest.

Oversikt over leveranser av laks og aure fra oppdrettsanlegg i Bremanger og Flora i 1986 og 1987:

	Ant. anlegg	Laks kg.	Aure kg.	Verdi kroner
Bremanger 1986	5	844.919	191.844	37.296.407
Bremanger 1987	7	1.064.624	475.427	56.773.907
Flora 1986	3	299.351	50.977	12.239.154
Flora 1987	5	801.565	187.915	39.291.700

Data ifl. Fiskeoppdretternes Salgsdag.

Ein manglar oversikt over setjefiskproduksjonen i kommunane.

Prisen på laks og aure held seg godt oppe i høve til året før, og oppdrettarane i dei to kommunane hadde eit økonomisk godt år. Ein ungjekk dei heilt store sjukdomsutslaga som har dukka opp både nord og sør for vårt distrikt. Likevel er sjukdom på fisken eit problem for dei fleste, og som elles i landet er mangelfull veterinarersteneste eit sakn.

I 1987 var det betydeleg beire tilgang på setjefisk enn året før, men kvaliteten på fisken var ikkje tilfredstilande.

Flora og Bremanger har gode naturgeografiske tilhøve for oppdrettsnæringa, og ein reknar med at matfiskproduksjonen i kommunane vil auke i dei nærmaste åra etter kvar som anlegga vert utvida og ein får dekka behovet for setjefisk. Viktige oppgåver å løyse for næringa i dei 2 kommunane er:

1. Utbygging av faglege tenester for overvakning av miljø og helse.
2. Etablering av mottakarapparat for handsaming av daud fisk.
3. Auke produksjonen av setjefisk med god kvalitet.

## FISKET 1987.

I det store og heile kan 1987 oppsummerast som eit varierande driftsår for fiskarane i Flora og Bremanger. Mange har gjort det bra, andre har det gått dårligare med, alt etter driftsform og båtstorleik.

Dei mellomstore fartya frå Bremanger og Flora som i vintersesongen dreiv torskefiske i Lofoten, var heldige og hadde ein god sesong. Her heime var torskefisket på Bremangerpollen og elles i distriktet totalt feilslege. Sviktande torskeresursar i kombinasjon med selplage er årsaker til at dette viktige sesongfiske ikkje lenger er å rekne med.

### **Fisket elles.**

#### **Fisket med line og garn:**

Dette fisket var svært variabelt i 1987.

Torskefisket var svært dårlig i 1. halvår.

For lange og brosme var det lågare prisar enn på slutten av 1986. Dette gav utslag i lønsemda for kystflåte og banklineflåte.

#### **Makrellfiske med harp og dorg:**

Makrellfiske med harp og dorg på sørlandet gav også i år brukbart utbyte.

#### **Drivgarnfiske etter laks:**

Dette fisket gav godt utbyte i 1987.

#### **Banklineflåten:**

For denne flåtegruppa gav auka prisar på torsk langt på veg kompensasjon for mindre kvantum og lågare prisar på lange og brosme.

#### **Not:**

Seinotfisket, makrellfisket og brislingfisket gav godt resultat i 1987.

#### **Ringnot:**

Loddefisket vart i 1987 lite på grunn av svake resursar. Ein del av denne svikten vart kompansert med betre sildekvotar og meir makrell, slik at dei 2 ringnotbåtane frå vårt distrikt ikkje hadde problem med å få balanse i drifta.

**OPPDRETTSKONSESJONER I BREMANGER KOMMUNE.**

**LAKS OG AURE:**

SF/b 2	K. Strømmen Lakseoppdrett, Rugsund	8000 m3
SF/b 3	Davik Fiskefarm, Davik	6000 m3
SF/b 4	Smørhamn Fiskefarm, Bremanger	8000 "
SF/b 9	Frøylaks A/s, Kalvåg	8000 "
SF/b 10	Hennøy Laks A/s, Berle	5000 "
SF/b 14	IGA FISK A/s, Rugsund	8000 "
SF/b 15	Bremanger Fryseri A/s, Bremanger	8000 "

**SETTEFISKKONSESJONER I BREMANGER:**

SF/b 2	K. Strømmen, Rugsund	90.000 stk.
SF/b 3	Davik Fiskefarm A/s	100.000 "
SF/b 5	Peder Bakke (Dalen + Rylaand)	300.000 "
SF/b 6	Hennøy laks A/S., Berle	25.000 "
SF/b 7	Ålfoten Klekkeri og Settefisk.A/S	500.000 "
SF/b 8	Endal Settefisk A/S, Davik	150.000 "
SF/b 11	Solbøfisk, Rugsund	75.000 "
SF/b 12	Bortne Settefisk	50.000 "
SF/b 13	Botnane Fiskeoppdrett A/S	500.000 "
SF/b 16	Førdefisk A/s, Ålfoten	300.000 "
SF/b 17	Leirafisk A/s, Leirgulen	200.000 " 23/4.87

**OPPDRETTSKONSESJONER I FLORA**

**LAKS OG AURE:**

SF/f 1	E. Karstensen Fiskoppdrett, Batalden	8000 m3
SF/f 3	Svanøy Stiftelse, Svanøy	8000 "
SF/f 5	Rognaldsvåg Fiskemottak	8000 "
SF/f 6	Steinvik Fiskeoppdrett A/S, Eikefjord	8000 "
SF/f 7	Marø Havbruk A/S, Svanøy	8000 "

**SETTEFISKKONSESJONER I FLORA:**

SF/f 2	Osen Klekkeri og Settefisk	35.000 stk.
SF/f 3	Svanøy Stiftelse	20.000 "
SF/f 10	Svanøy Stiftelse	100.000 "
SF/f 4	Bru Fiskeoppdrett A/s, Eikefjord	150.000 "
SF/f 8	Haukå Settefisk A/s	500.000 "
SF/f 9	Firda Settefisk A/s	400.000 "
	Barlingbotn Settefisk A/s	500.000 " 28/12.87

**LØYVE TIL OPPDRETT AV TORSK - FLORA KOMMUNE:**

Eikefjord Fiskeoppdrett, Eikefjord	1000 m3	23/4.87
Lillevik Fiskeoppdrett, "	1000 "	3/4.87

**LØYVE TIL YNGELPRODUKSJON AV TORSK OG KVEITE, FLORA KOMMUNE:**

Trygve Strømmen, Floro. 250.000 stk. yngel/settefisk. 7/8.87